

Norheimløene og Muslandsløene

Olav Magne Tonstad

I Rogaland var det to fylkesagronomar i tekniske fag, Alfred Norheim og Lars Musland, som prega planlegging og teikning av driftsbygningar frå 1921 til 1988. Dei arbeidde i den tida då Rogaland landbruksselskap eller Fylkeslandbrukskontoret i Rogaland teikna dei fleste landbruksbygningane som vart bygde rundt om på gardane. Med investeringstilskot og lån i Landbruksbanken stod staten også for ein stor del av finansieringa. Desse to fylkesagronomane var derfor nærmast einerådande i nesten 70 år. Dei sat ved teiknebordet og prega i stor grad utbygginga av det moderne jordbruket på Jæren. Løene har trekk som går igjen, slik at dei er lette å kjenne. Dersom du veit når løa er bygd, skulle det ikkje vere vanskeleg å finne ut kven som har teikna driftsbygningen.

Fylkesagronom Alfred Norheim

Alfred Norheim var frå Norheim i Time. Han var fødd 19. november 1890, og vart uteksaminert ved Landbrukshøgskulen på Ås. Han var fylkesagronom i tekniske fag ved Rogaland landbruksselskap i 38 år, frå 1923 til 1960. Han var fylkesagronom i ein periode med aktiv bureising og mykje nydyrking. Frå 1926 til 1940 vart det rydda vel 600 nye gardar, og det fulldyrka arealet i Rogaland auka med vel 60 000 dekar. I 10 år frå 1923 til 1933 planlagde Alfred Norheim meir enn 600 nye driftsbygningar. Det var liten variasjon i teikningane, noko som gjorde det mogleg for han å teikne mange bygningar.

Norheimløa var vanlegvis 10 meter brei og 20 meter lang. Løa vart bygt med betongveggar i



Alfred Norheim med kona heime på garden på Norheim i Time, der han vaks opp. I bakgrunnen ligg Frøylandsvatnet. Biletet er truleg frå ca. 1935. Foto: privat.

kjellaren, murveggar i første etasje, reisverk av tre, tredekk og bordkledning. Løa var som oftast kvitmåla og hadde skifertak, som seinare vart erstatta med eternit. I den eine enden av første etasje var det høyrum med gjødselkjellar under. Fjølset var i andre enden. Over husdyrrummet var det ei lita køyrebru og lagerrom for korn, høyr og reiskapar. Mange av desse løene er rivne eller sterkt ombygde eller påbygde. Dersom ein studerer slike bygningar, ser ein at den løa som vart bygd etter krigen, seinare er blitt brukt som basis for seinare påbyggingar og ombyggingar. Den er blitt bygd på i alle retningar. Det er enno mange Norheimløer igjen i kommunen. Nokre løer står tomme. Men mange er framleis i bruk.

Alfred Norheim brukte mykje betong i driftsbygningane og tok til å bruke innreiing av stålrøyr. Han brukte opphøgde krubber og skilje mellom båsane. Framføre krubbene meinte han at det burde byggast ein 70 cm betongkant.

Alfred Norheim var ein produktiv fagmann som sette sitt preg på driftsbygningane i tida før og etter krigen. Planane og teikningane til Norheim endra seg gjennom åra og vart tilpassa endringar i driftsformer og ny teknikk, men grunntrekka var dei same så lenge han var fylkesagronom. Han var ein arbeidsam og markant fylkesagronom med stor arbeidskapasitet.


I ein periode laga Alfred Norheim planar for låghus (driftsbygningar i ein etasje), men han gjekk seinare tilbake til høghus igjen. Dette kan vere ei av forklaring på at det i Hå er få driftsbygningar med berre ein etasje.

I tillegg til å teikne driftsbygningar var Alfred Norheim oppteken av grøfting og kanalisering, som også var hans fagområde. Han teikna også andre bygningar, mellom anna internatet på Øksnevad jordbruksskule og rådhuset på Nærbø.

I 1947 gav Alfred Norheim ut ei lærebok om landbruksbygningar, som vart brukt på landbruksskulane i Rogaland og andre fylke. På den måten kom han til å påverka bygningsplanlegginga i landbruket utanfor fylkesgrensa.

Alfred Norheim var ein flink planleggar, men ein bestemt herremann, og det er mange historier etter han. Torstein Tunheim frå Time har ein historie etter han. Nokre år etter krigen skulle han teikne ei løe for Tobias Taksdal, som budde på Taksdal i Time. Alfred Norheim kom med eit første utkast, men Tobias Taksdal var ikkje tilfreds med teikningane, og bad om nokre endringar. Då Alfred Norheim kom tilbake med det andre utkastet, var Tobias Taksdal heller ikkje fornøgd. Alfred Norheim måtte reise tilbake på kontoret i Stavanger for å endre på teikningane endå ein gong. Då han kom tilbake tredje gongen, var Tobias Taksdal framleis ikkje fornøgd. Løa er for høg, sa han. Då minka det på tolmodet til Alfred Norheim, som svara: «Tobias, du eig oppover i lufta også.» Løa vart ikkje bygd. Det var son til Tobias Taksdal som bygde ny løe på garden.

Alfred Norheim vart tildelt kongens fortjenestemedalje i gull i 1961. Han mottok også i 1960 Rogaland landbruksselskaps fortjenestemedalje i gull. Alfred Norheim døydd 11. september 1972 i Time kommune.



Fylkesagronom Lars Musland

Lars Musland var fødd i 1925 i Nedstrand i Ryfylke. Han er truleg den mannen som har planlagt og teikna flest driftsbygningar i Norge. Han var fylkesagronom i tekniske fag frå 1960 til 1988, og hadde ansvar for planlegging og teikning av om lag 3000 driftsbygningar i Rogaland. Det var i den tida då utbygginga av jordbruket var på det sterkaste. På grunn av ny teknikk med kopiering av teikningane var det mogleg for Lars Musland å teikne så mange driftsbygningar. Men han var tydelegvis også effektiv og hadde stor arbeidskapasitet.

Muslandsløa blei eit kjent omgrep. Løa var frå 10,6 til 12,4 meter brei og 25 meter lang, med to betongsiloar i enden. Løa var bygd i betong med full kjellar, betongelement med frilagt singel i veggene, betongdekke og taksperra av tre eller stål. Taket fekk først eternitplater, og veggane vart

kledde med trekledning. Seinare vart det vanleg med raude eller grønne stålplater på veggane og takplater av stål.

Lars Musland var også oppteken av å bygge på dei gamle murane, noko som har vore vanleg. Men det førte ikkje alltid til dei mest praktiske løysingane. Dette gjaldt ikkje minst dersom dei gamle murane var for smale.

Håbonden hadde på den tida utvikla seg til å bli svært aktiv og pågåande med stadig intensivering av drifta. Dei nye driftsbygningane blei effektivt utnytta. Bonden dreiv gjerne med både ku, gris og sau eller høner. Kyrne held oftast til i første etasje, grisen og hønene i andre etasje, og sauene i kjellaren.

Driftsbygningane til Musland erstatta dei gamle Norheimløene, men dei var likevel ganske like. Det typiske for begge løene er at dei var breie og bygt med mykje betong og stål, med andre ord solide betongklossar. Dei kunne lett utvidast og forlengast i begge endane, eller med ein vinkel. Derfor ser vi at mange av desse bygningane framleis er i bruk.

Lars Musland var også ein flink kunstmalar. I tillegg til å vere utdanna ved Landbrukshøgskolen på Ås, hadde han kunstutdanning. Han måla mange maleri etter at han vart pensjonist, og hadde fleire separatutstillingar. Han er omtalt i Wikipedia som kunstmalar. Men det står ingen ting der om at han var fylkesagronom i nesten 30 år. Lars Musland døydde i 2011.

Private planleggarar tek over

Norheimløene og Muslandsløene har sett sitt tydelege preg på byggeskikken på Jæren. Men i dag er det berre den eldre garde av bønder som veit kven desse to byråkratane var. Frå 1979 og eit stykke utpå 2000-talet har det vore andre fylkesagronomar i tekniske fag; Bjarne Tron Egeland, Geir Undheim og Eli Munkeby Serigstad, som har planlagd og teikna driftsbygningar. Dei to første er frå Time, og Eli Munkeby Serigstad er trønder. Ved sida av å teikna driftsbygningar, hadde dei også andre arbeidsoppgåver. Bjarne Tron Egeland arbeidde med spørsmål kring kulturlandskapet, og driftsbygningane sin plass i kulturlandskapet. Geir Undheim arbeidde med oppgåver knyta til forureining frå landbruket. Og Eli Munkeby Serigstad arbeidde med tilleggsnæringar i landbruket. Etter kvart overtok private planleggjarar meir og meir av planlegging og teikning av nye driftsbygningar. Bruk av typeteikningar er blitt meir vanleg. Fylkesmannen teiknar ikkje lenger driftsbygningar. No er det dei nye driftsbygningane, som har kome til etter årtusenskiftet, som set sitt preg på det opne jærskje landskapet. Men det er knapt nokon som veit kven som har teikna og planlagd dei nye bygningane. Denne bransjen er blitt privatisert og anonymisert.

Litteraturliste

Bøker:

Røyane, Eva 2014: Norges låver, Skald

Årbok for Jærmuseet 1997: Uthus på Låg-Jæren, 160 års utvikling frå 1800 til 1960. Artikkel av Bjarne Tron Egeland

Andre kjelder:

Under arbeidet med artikkelen har eg hatt mange samtalar med bønder og andre fagfolk.